


Humedalslaget

NUMEDØLEN



Desember 2014



numedalslaget i oslo

Rååfiskfesten 2015 – festtaler Ingvar Moi om Mat frå Numedal

Rååfiskfesten 2015 er på Røa Samfunnshus (Austlivn. 4, like ved Røa T-banestasjon) laurdag 31. januar kl. 18.30.

På menyen står som vanleg rååfisk frå Bjornesfjorden, lefsekling frå Veggli, mandelpotet og anna godt.

Festtale ved Ingvar Moi som har vore med på bokprosjektet Mat frå Numedal. Han har mange gode historier frå dette prosjektet. Han vil vise bilder og kanskje har han også klipp frå ein fersk film

Det blir variert dansemusikk med VÅKK (som står for våre gamle vener Vidar, Åsmund, Kjell og Kjell).

Inngang: Medlemmer kr 400, ikkje-medl. kr 450.

Påmelding innan 25. januar til: 97 75 40 18 (Björg), 45 01 91 36 (Ragnhild) eller e-post til rilanderud@gmail.com. Vær venleg å melde på i god tid og respekter påmeldingsfristen!

Vi vil sette opp buss frå Numedal. Ta kontakt med Ottar for bestilling av buss (32 74 62 16 eller 92 09 52 36).



Rååfiskfesten er eit godt eksempel på ein god opplevelse med mat frå Numedal. Foto: Svein Aasen



numedalslaget i oslo

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 9. mars 2015

Styret kallar med dette inn til årsmøte mandag 9. mars 2015 kl. 19.30 i møterom (til venstre i porten), Nordahl Brunsgt. 22.

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2014
5. Rekneskap 2014
6. Medlemspengar for 2016
7. Innkome framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2015

Medlemspengar for 2015

Vedlagt finn du ein giro som skal brukast til å betale medlemspengane for 2015. Medlemspengane for 2015 er:

Kr. 320,- for vaksne over 26 år

Kr. 160,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 160,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til kontonummer: 0530 19 32474. Betal helst innan 15. april 2015.

Det er berre dei som er hovudmedlemmar i Numedalslaget som vil få medlemskort frå oss via NU. Det tek litt tid for NU å lage og sende ut medlemskort. Vi vil derfor be dykk setje kryss i kvitteringsruta på giroen når de betaler og bruke kvitteringa som stadfesting på at de har betalt.



Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Ragnhild Landerud, Lars Peder Larsgård, Levor Traaen, Bjørg Undebakke, Svein Aasen.

1. Opning

Nils Øyvind Bergset opna møtet og ønskte velkommen.

2. Konstituering

Nils Øyvind Bergset blei valt til møteleiar, Ragnhild Landerud til referent og Lars Peder Larsgård og Svein Aasen til å skrive under protokollen.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

4. Årsmelding 2013

Årsmelding 2013 blei lese opp av Ragnhild Landerud

Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.


Begge årsmeldingane blei godkjende.

5.Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2013, underteikna av kasserar og revisor 04.02.2014

Rekneskapen for 2013 blei godkjend.

Kommentar: utgiftene til porto og administrasjon kan reduseras ved å bruke e-post til medlemmar som har e-postadresse.



numedalslaget i oslo

6. Medlemspengar 2015

Styret må kunne auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU, (som vedteke tidlegare år). Den delen Numedalslaget får, blei endra i 2012.

7. Nye lover for Numedalslaget.

Framlegget til nye lover blei diskutert.

Det kom forslag om at ein ikkje vedtek lovendring før BLS har hatt sitt årsmøte (24.03.2014) og eventuelt vedteke endring i sine lover. Ved avstemming fall dette forslaget med 4 mot 2 stemmer.

Nye lover for Numedalslaget blei så vedtekne med 5 mot 1 stemme.

8. Innkomne framlegg.

Ingen innkomne framlegg

9. Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valgkomiteen, leia av Bjørg Undebakke.

Styremedlemmane Svein Aasen og Kjersti Aasen tok attval, periode 2 år.

Varamedlem Bjørg Undebakke tok attval, periode 1 år

Hyttestyret: Lars Peder Larsgård tok attval, Sigrd P. Talleraas ny, periode 2 år.

Folkedansgruppa: Svein Aasen og Kenneth de Gala tok attval, periode 2 år.

Numedølen: Nils Øyvind Bergset og Kjersti Aasen tok attval, periode 2 år.



numedalslaget i oslo

Lars Peder Larsgård tok attval, periode 1år (for at ikkje alle 3 skal være på valg samtidig)

Lotterifond: Walborg Tuft tok attval, periode 2år

Revisor: Aasmund Flo tok attval, periode 1 år.


Valkomite: Bjørg Undebakke og Kjersti Aasen tok attval, Ragnhild Landerud ny, periode 1år

Kommentar: Etter den nye loven kan årsmøtet bestemme kva for arbeidsnemder/tillitsfolk som til ei kvar tid er nødvendige. Ut frå dette blei det vedteke å sløyfe "fanevakter". I inneverande år vil styret sjå på om det er aktuelt med fleire slike endringar.

Etter møtet blei det bestemt at Svein Aasen og Kjersti Aasen skal møte på årsmøtet i BLS 24.03.2014 for Numedalslaget.



Spelemenn og instruktører vert takka av på dansedykket i mars. Foto: Svein Aasen.



Årsmelding for Numedalslaget i Oslo 01.01. – 31.12.2013

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.

Tillitsvalde i 2013: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 43 medlemmar.

Av desse er 7 bimedlemmar (hovedmedlem i eit anna lag i NU/BLS)


Det er 6 æresmedlemmar: Reidun Kjønaas, Knut Kjønaas, Jøran Stryse, Levor Traaen, Gunnar Ulbåsen og Svein Aasen,

og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 2 styremøte / arbeidsmøte + årsmøte 27.02. (dessutan kontakt via e-post).
- Råkåfiskfest på Røa Samfunnshus 26.01.
- Ingen fellestur til Lagshytta i Lommedalen i år.
- Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eitt nummer (i desember).
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktpersonar er Lars Peder Larsgård og Nils Øyvind Bergset.
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.

Råkåfiskfest 26. januar 2013



numedalslaget i oslo

Festen vart halden på Røa Samfunnshus

Det var 64 personar til bords, av desse var 45 fullt betalande

Attåt fisken var det som vanleg både kling, mandelpotet, lauk og rømme.

Festen blei leia av Nils Øyvind Bergset.

Sverre Mørkhagen kåserte om utvandringa til Amerika generelt, og utvandringa frå Numedal spesielt. Han har skrive boka "Drømmen om Amerika".

Fanteladdene sto for musikken.

Økonomi – sjå vedlagte rekneskap 2013

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no

Numedalslaget har ikkje e-post adresse lenger, men ein kan bruke e-postadresse til styremedlemmar.



Dansefest på dansedykk i mars. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Årsmelding for folkedansgruppa 2013

Folkedansgruppa var leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Kenneth de Gala vore med. Vi har ikkje hatt eigne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen sit som medlem i folkedansnemnda i BLS.


Vi har hatt 17 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 10 i vårsemesteret og 7 i haustsemesteret. Dette er to færre øvingskveldar enn året før. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Når han har vore borte har Kjersti Aasen vore instruktør. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. Her tek vi opp enkeltelement i dansen slik som steg, svikt, særskilde turar og diskuterer og prøvar ut. Vi startar øvingane kl. 19.30 og driv på til 21.30, med ei lita pause. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Tor Inge Tønnesen har også vore spelemann.

Totalt sett har det vore 67 frammøter på øvingane, 21 færre enn året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. 17 ulike personar har møtt fram. Av desse var det 6 gutar og 11 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 3,94 personar per øving. Det minste tal frammøtte på ei øving var 1, og det meste var 7.

Folkedansgruppa har vore med som teknisk arrangør på to folkedanskveldar. Desse kveldane har vi lært bort Numedalsdans i pausa.

Fleire av dei som har vore med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Kenneth de Gala, Ellen Grøttheim Krokstrand og Arna Desser. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Landskappleiken på Røros, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslokappleiken.

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Landskappleiken vart vi nummer 21 av 28. Under Jørn Hilme-stemnet på



numedalslaget i oslo

Fagernes kom vi på ein delt andreplass. På Oslokappleiken vann vi første napp i ein ny vandrepremie (ein rose malt bolle) som var satt opp av Hallinglaget i Oslo.

Dansarar frå laget har og vore med på framsyningar. Vi dansa på Råkåfiskfesten i januar, Bygdøystemnet til BLS og ein dansar har dansa på "Norsk aften" 3 gonger på Frognerseteren.

Hausten har vi bruka tid å på planlegge eit dansedykk med numedalsdans som skal foregå på Riksscenen 29. mars 2014. Dette har skjedd i samarbeid med Kongsberg Spel- og Dansarlag, Småjondølenes dansarlag og Numedal Spel- og Dansarlag.



Synne Frogner spelar på dansedykk. Foto: Svein Aasen.



Instruktøren Sigbjørn Rua i full sving på dansedykk. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Dansedykk

Laurdag 29. mars var det numedølenes sin tur til å dominere folkemusikkens storstove i Oslo, Riksscenen. Ein svært vellykka dag blei det, med kurs på dagtid, arkivdykk i kveldinga og dansefest om kvelden. Frå Numedal kom det buss med 35 deltakarar.

Numedal har mange og lange tradisjonar i dans og musikk. På dette dansedykket var det fokus på den gamle springaren og på nokre spesielle variantar av masurka og reinlender.

På dagen var det dansekurs. Kursleiarar var Liv Bergset, Bjørnar Blaavarp Heimdal, Sigbjørn Rua og Nils Øyvind Bergset. Dansespelet stod Synne Frogner, Kenneth de Gala og Håvard Kjøntvedt for.


I kveldinga var det arkivdykk. Nils Øyvind Bergset og Jan Lislien viste filmar og spelte musikk. Ein kan følgje utviklinga av springaren fra Numedal på film frå 1926.

Etter arkivdykket vart Jan Lislien utnemnd til heidersmedlem i Numedal Spel- og Dansarlag. Han har i over 40 vore ei drivande kraft i laget og jobba mykje med mellom anna dansen. Også regionalt og nasjonalt har han gjort ein stor innsats gjennom å starte opp Buskerud folkemusikklag og å være nestleiar i Landslaget for Spelemenn i fleire periodar.

På kvelden var det god gammaldags dansefest med runddans og bygdedans. Kenneth de Gala, Synne Frogner, Håvard Kjøntvedt og Numedal spelemannslag sikra variert dansemusikk. Kursdeltakarane kunne praktisere det dei hadde lært på kurset.

Gode resultat i lagdans i år

Siste helga i juni blei det arrangert Landskappleik på Geilo med gode resultat frå medlemmer i Numedalslaget. I lagdans deltok dansarar frå Numedalslaget saman med dansarar frå Numedal Spel- og Dansarlag for første gong med ein numedalsganger. Resultatet vart ein sterk femteplass. Spelemann var Bård Vegard Bjørhusdal.



numedalslaget i oslo

I dans hardingfele klasse A blei Nils Øyvind Bergset og Liv Bergset nummer 2, Svein Aasen og Kjersti Aasen nummer 10 og Nils Øyvind Bergset og Marit Måge nummer 17.

Nils Øyvind Bergset vart kåra til beste dansespelemann til dans hardingfele når han spelte springar for Bjørnar Blaavarp Heimdal og Marianne Årvik. Kenneth de Gala vart nummer 10 i spel hardingfele klasse B.

Siste helga i juli blei det arrangert Hilmestemne på Fagernes med gode resultat frå medlemmer i Numedalslaget. Saman med dansarar frå Numedal Spel- og Dansarlag vart vi nummer 2 i lagdans. Vinnarane vart Vårflaumen frå Valdres. Det var 5 lag som deltok.

I november var det Oslokappleik. I år var den på Riksscenen og det vart ein svært vellukka kappleik. Med 88 startnummer og kappleik på 2 scener var dette rekord. Numedalslaget vart nummer 3 av 4 lag i lagdans.




Jan Lislien vart utnemnd til heidersmedlem i Numedal Spel- og Dansarlag under dansedykket. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde 2014

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen Haugerudhagan,58, 0673 Oslo e-mail:svein.aasen@multiconsult.no	48 29 99 81
Styre- medlemmer:	Ragnhild Landerud Kongeveien 45,1412 Sofiemyr e-mail:rilanderud@gmail.com	45 01 91 36
	Nils Øyvind Bergset Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS e-mail:niloberg@online.no	41 63 95 67
	Kjersti Aasen Erlendsvei 48, 0669 Oslo	98 06 21 65
	Lars Peder Larsgård Jenshaugvn.11,1363 Høvik e-mail:lars-peder@larsgaard.com	91 75 82 65
Varamedl.:	Björg Undebakke Starvn. 76 A, 1088 Oslo e-mail:bjorg.tora.undebakke@nrk.no	97 75 40 18
Hyttestyre:	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Levor Traaen Tillesløkka 13, 1349 Rykkin levorj@start.no	67 13 47 19
	Walborg Tuft Skøyenåsvn. 9 C, 0686 Oslo e-mail: wutuft@gmail.com	93 26 23 56
	Sigrid Prestmoen Talleraas	90 01 99 70



numedalslaget i oslo

Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård

sigrid-p.talleraas@telenor.com

Folkedans- **Nils Øyvind Bergset (leiar)** 41 63 95 67
gruppa: **Svein Aasen** 48 29 99 81

Kenneth de Gala 99 64 28 09

Gamle Bygdev.168D,1284 Oslo

e-mail: kenneth@degala.no

Kjersti Aasen 98 06 21 65

Redaksjon **Lars Peder Larsgård** 91 75 82 65

Numedølen **Kjersti Aasen**
Nils Øyvind Bergset 41 63 95 67

Revisor: **Aasmund Flo** 91 62 78 71

Starvn. 76A, 1088 Oslo

Hedersmerke/ **Jøran Stryse** 32 74 63 60
3628 VEGGLI

Forteneste- **Levor Traaen** 67 13 47 19
merke

Lotterifond: **Walborg Tuft** 93 26 23 56

Knut Kjønås 41 33 42 00

Sundstredet 126, 1531 MOSS

e-mail: k.kjonaas@rybeltron.no

Nils Øyvind Bergset 41 63 95 67

Valkomite: **Ragnhild Landerud**

Kjersti Aasen

Björg Undebakke



numedalslaget i oslo

Bygdedans frå Numedal våren 2015

5. januar
19. januar
2. februar
16. februar
2. mars
16. mars
13. april
27. april
11. mai
1. juni
15. juni

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset

Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:

200,- for medlemmer

300,- for ikkjemedlemmer

30,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.



Numedal spelemannslag på dansedykk på Riksscenen i mars. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Folkedanskveldar vinteren 2015

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>Januar '15</u>		
04.	Folkedansnemnda / De Frilynte	Rørspols
11.	Valdreslaget / Dølalæte	Valdresspringar
18.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
25.	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Bingsjø/
<u>Februar '15</u>		
01.	Numedalslaget / Eiker spelemannslag	Hallingsspringar
08.	Symra / Østerdølene	Stildans
15.	Telelaget / Elise T. med venner	?
<u>Mars '15</u>		
01.	Hordaringen / Brødrene Odde	Springleik
08.	Symra / Steinsgårdskroken	Stildans
15.	SF-ringen / Farande Fant	Boda
22.	Hallinglaget / Enebakk spelemannslag	?
<u>April '15</u>		
12.	Hordaringen / Sofienberg spelemannslag	Rørspols
19.	Symra / Tonje og Stein Magne	Stildans
26.	BUL? / Dølalæte	Nordlandspols?
<u>Mai '15</u>		
10.	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Bingsjø
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	
31.	Folkedansnemnda / Solveien spelemannslag	??
<u>Juni '15</u>		
07.	Bygdelagsstemne Bygdøy / Østerdølene	

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



numedalslaget i oslo

Numedalsbanen før og etter

av Lars Peder Larsgård


Følgende artikkel sto å lese i Luren (Buskeruds Amtstidende) 19. mars i 1909:



Som nevnt i en notis i gaar foreslaar amtmanden, at amtet bevilger kr. 300,000 til Numedalsbanen. Da vi anser det for at være av interesse, skal vi tillate os utdragsvis at gjengi hr. amtmandens motivering.

Amtmanden er med komiteen av 1897 enig i, at der er sterk opfordring for amtskommunen til at yde hjælp i saa vid utstrækning, som det under tilbørlig hensyntagen til amtskommunens økonomi kan ansees forsvarlig. At anlæg av en jernbane gjennom Numedal vil være av stor betydning for utvikling av dalens muligheter, er i sig selv indlysende og bekræftes ved , hvad der indeholdes i den andragendet vedlagte skrivelse fra bergmester Minick, hvori denne uttaler som sin sikre overbevisning, at banen vil aapne stor bergverksdrift saa godt som efter hele dalen.

Amtmanden omtaler derpaa de to alternativer: Elektrisk bane og alm lokomotivbane, han uttaler sig sterkt i favør av den siste og foreslaar, at en dampbanes kostende lægges til grund ved fastsættelsen av det eventuelle amtsbidrag. Trækker man fra dampbanens totalcostende, kr. 4,665,600, det i andragendet til grund og gjærde med administration opførte beløp, til sammen kr. 441,140, utkommer kr. 4,224,460. Trækkes ydeligere herfra det til bro- og veiforbindelse ved Nore kirke opførte beløp kr. 61,500, der maa anføres jernbaneanlegget som saadant uvedkommende, fremkommer som entledigt



numedalslaget i oslo

utgiftsbeløp kr. 4,162,960. Av dette beløp kan, efter hvad der i andradendet er anført, 60 ptc. forventes dekket av staten, mens de resterende beløp 40 pct. eller kr. 1,665,184 blir at tilveiebringe av distriktet. Han foreslaar derpaa at amtet bevilger 300,000 kr. og gjenstaar saaledes for Numedal at søke dekning for et beløp av kr. 1,365,184.

Velges et dyrere alternativ, elektrisk bane, vil der, selv om amtsbidraget settes til kr. 500,000, gjenstaa til dekning kr. 1.547,904.


For det bevilgede beløp antas amtskommunen at betinge seg aktier i banen.

Denne artikkelen ble altså skrevet omtrent samtidig med at Numedalslaget i Oslo ble stiftet, og mange år før Numedalsbanen ble bygget. Planleggingen av banen startet allerede i 1873 og det var da meningen at den skulle blitt en del av Bergensbanen. Bergensbanen ble imidlertid åpnet i 1909 og Geilo (Jeilo i Ustedal) kom på kartet.

Numedalsbanen ble bygget fram til Rødberg i forbindelse med transporter til Noreverkene og åpnet først i 1927. Da var kostnadene kommet opp i 32 mill. kr. Det ble ikke noen elektrisk bane i Numedal, og banen gikk i blant med damp helt fram til 1969 som den siste jernbanestrekning i Norge med damp. Deretter gikk det kun dieseldrevne tog fram til regulær persontrafikk opphørte i 1988.

Men det ble utarbeidet nye planer for jernbane gjennom Numedal etter tusenårsskiftet også. Da skulle det nemlig bli skikkelig fart med høyhastighetsbane med flere hundre kilometer i timen! Først på banen var Høyhastighetsringen som skulle gå fra Oslo via Kongsberg, Geilo, Bergen, Haugesund, Stavanger, Kristiansund, Skien, Oslo.

Så kom Høyhastighetsutredningen i regi av Samferdsels-departementet for å vurdere høyhastighetsforbindelse mellom alle de største byene. Og ny bane mellom Oslo og Bergen gjennom Hallingdal eller Numedal ble utredet over samme lest som mellom andre byer. Utredningen var ferdig like før jul i 2011 og kostnadene og konsekvensene rett etter årsskiftet. Deretter ble det bråbrems og helt stille om høyhastighetstog!




Det kan sies mye om denne utredningen gjennom Numedal, og tyske eksperter var med for å vurdere traseene. Tyske bergmenn hadde jo vært benyttet i tidligere tider i forbindelse med Sølvverket på Kongsberg.

Turen fra Oslo til Bergen ville kunne gjøres unna på 2 t 15 min, omtrent det samme som Numedalsbanen brukte fra Kongsberg til Rødberg, men nå uten stopp i Numedal. Prislappen på prosjektet Oslo – Bergen ville bli over 150 mrd. kr eller over 1000 ganger dyrere fra Kongsberg til Rødberg enn det Numedalsbanen hadde kostet!

Men man ville neppe se så veldig mye av dalen på en slik bane som ville gå mye i tunnel. Gjennom Uvdal ville man nok få se en del før man går inn i en lang tunnel mellom Uvdal og Skurdalen som krysser 100 m under Numedalslågen i Dagali. Tvilstomt om vi får oppleve akkurat det.

Så i 2013 ble gamle Numedalsbanen på strekningen Rollag – Rødberg fredet. I 2014 åpnet Numedalsbanen igjen for godstrafikk på strekningen Kongsberg – Svene.

Vi håper nå at godstrafikken kan holde skinnene blanke og vegetasjonen unna pukken fra Kongsberg og et stykke oppover dalen. Men hvem tar ansvaret for å pusse skinnene oppover mot Rødberg på den fredede strekningen, slik at «togets skinner skinner» som Max Mekker på Sesam stasjon uttrykker det?



Avsendar: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget

20 % rabatt på det norske teateret

10% rabatt på Heimen Husflid i Oslo og på eit utval av kaffistover

Medlemspris på folkedanskveldane i Nordahl Brunsgt. 22 kvar søndag og på alle samkomer som Numedalslaget skipar til.